

Pilot for skulane i Time kommune hausten 2022

Time kommune

Nærværsarbeid Barn og unge 0-16 år Pilot for hausten 22

Ein rettleiar for oppvekst i arbeid med nærvær i barnehage og skule.

Innhaldsliste

Innleiing	2
Kunnskapsgrunnlag- Nærvaersarbeid og alvorleg skulefråvær.....	3
Tidleg innsats er viktig.....	3
Avklaring av omgrep.....	3
Ulike kategoriar fråvær:	4
Tidlege teikn på alvorleg skulefråvær	6
Årsaker til langvarig skulefråvær.....	7
Langvarig skulefråvær i et heilskapleg perspektiv	9
Haldningar	9
Elevane si stemme.....	10
Kvalitetsarbeid som sikrar nærvær	12
Skulemiljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring	12
Overgangar: barnehage- barneskule- ungdomsskule- vidaregåande skule m.m.	12
Skule- heim samarbeid.....	13
Eleven sitt læringsmiljø	13
Fråværsrutinar.....	13
Høgt dokumentert gyldig fråvær- kva gjer me?.....	14
Tett på - eit tilbod for elevar på ungdomsskulen.....	15
Ved alvorleg skulefråvær- kva gjer me?.....	15
Viktige omgrep	15
Handlingsrekke i tråd med BTI	16
BTI- nivå 0	16
BTI- nivå 1	17
BTI- nivå 2	19
Ansvarsområde og relevant lovverk	20
Fråværsføring på vitnemål	20
Litteratur og kjelder	21
Forslag til litteratur.....	21
Relevante nettsider	21
Tiltaksbankar	22

Innleiing

Barn og unge er det viktigaste me har som føresette og samfunn. Det er viktig at me tar vare på og legg til rette for at alle barn skal lukkast i livet. Nærverårsarbeid for barn og unge i aldersgruppa 0-16 år handlar om at førebyggande arbeid mot fråfall og utanforskap må starta tidleg. Gode vanar etablerast allereie i barnehagealder. Skule og barnehage skal legga til rette for at kvart barn utviklar seg og har lyst til å vera til stades. I Time kommune vil me at alle elevar skal ta del i og lukkast med skulegangen. Skulen er ein sentral arena for danning og utdanning.

Dei føresette si rolle og deira plikt til å få barna på skulen og følga opp skulearbeidet er viktig for å sikra barnet sitt nærverårsarbeid på skulen og slik bidra til å sikra barnet si sosiale og faglege utvikling. Elevar som ikkje går på skulen kan koma til kort på fleire områdar i livet. Sjansen for at dei ikkje fullfører vidaregåande og ikkje får jobb aukar.

Dei fleste elevar finn seg godt til rette og trivst på skulen.

Til tross for arbeid med førebygging, er det nokre elevar som av ulike og vanlegvis samansette årsaker, får vanskar med å vera på skulen. Når elevar utviklar alvorleg skulefråvær, opplever ofte både føresette og skulen at ein kjem til kort. Det er difor behov for å etablera felles praktiske og konkrete retningslinjer for å kunne førebygga og setja inn tiltak for å hjelpe desse elevane.

Denne rettleiaren viser systemarbeidet i Time kommune knytt til oppfølging av vanleg fråvær og i saker med alvorleg og langvarig skulefråvær. Systemarbeidet omhandlar dei tilsette i skulen, eleven, føresette, samarbeidspartar i Oppvekst og andre instansar. Det er også viktig at føresette har kjennskap til rettleiaren slik at arbeid og rutinar er føreseielege og opne.

Rettleiaren gir føringar for det førebyggande arbeidet som gjeld alle elevane på skulen. I det førebyggande arbeidet har skulen eit særskilt ansvar for dei elevane som er sårbare med tanken på utvikling av alvorleg skulefråvær. Tidleg avdekking og intervension er også viktig i samband med førebygging. Rettleiaren gjev føringar for kva som skal gjerast når ein kjerner uro for eleven sitt fråvær eller andre område. Den seier og kva som skal gjerast om eleven utviklar alvorleg skulefråvær.

Opplæringslova §2-1 og Barnelova kap. 5, §30 definerer rett og plikt for opplæring for barn i grunnskulealder. Ansvaret ligg til dei føresette og skulen. Dei føresette er ansvarlege for å følgja opp opplæringsplikta, og sørge for at eleven får opplæring. Skulen har ansvar for å legge til rette for eleven sin faglege og sosiale utvikling i eit miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. Kap 9A i Opplæringslova.

<https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§2-1>
<https://lovdata.no/lov/1981-04-08-7/§30>

Alvorleg og langvarig skulefråvær kan ha mange ulike årsaker. Å forstå desse er viktig for å kunne setja inn dei rette tiltaka. Grundig kartlegging skal danna grunnlag for presise tiltak. Dette vil ofte krevja eit tett samarbeid mellom skule, elev, føresette og andre samarbeidspartar. Slik kan ein ha ei systemisk tilnærming til arbeidet.

Denne rettleiaren gjev ei kort oversikt over det teoretiske grunnlaget for skulefråvær, førebygging og tiltak. Ein finn og oversikt over saksgang, ansvarsfordeling og verktøy ein kan bruka i arbeidet.

Rettleiaren er forankra breitt i Oppvekst i Time kommune. Samarbeidspartnerane har vore med å utforma rettleiaren.

Kunnskapsgrunnlag- Nærværsarbeid og alvorleg skulefråvær

Tidleg innsats er viktig

Elevar som utviklar alvorleg skulefråvær har i dei fleste tilfella sendt signal om at dei er i ein vanskeleg situasjon lenge før dei har utvikla alvorleg fråvær. Det er avgjerande at skulen oppdagar dei tidlege signala. Når ein kjem tidleg på banen har ein betre moglegheit til å stoppa utviklinga, og hindra ein fastlåst og alvorleg situasjon. Ein skal følgja situasjonen tidleg og nøyne, uavhengig av årsaka til fråvær. Tidlege tiltak er avgjerande.

Avklaring av omgrep

(Kjelde: Udir og Havik 2018)

Definisjon av alvorleg skulefråvær:

«Fråver frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skulen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang som medfører uro for eleven si faglege utvikling, samt eleven si sosiale tilhøyrslle og utvikling» (Ingul, 2001)

Kva er mykje fråvær?

Vanskår med å møta på skolen startar ofte i det små med fråvær frå enkelttimar, delar av dagen, enkeltdagar eller at eleven kjem for seint. Det er vanskeleg å setja ei heilt klar grense for når fråværet er alvorleg, men det reknast som **alvorleg fråvær** om eleven:

- Har meir enn 25% fråvær i løpet av 2 veker
- Har problem med å delta i timane i minst 2 veker
- Høgt gyldig fråvær: Har meir enn 10 dagar fråvær i periodar på 15 veker i skuleåret, eller i halvåret.
- U dokumentert fråvær frå enkelttimar/fag, gjerne med eit mønster.
- Eleven kjem for seint 3 gonger eller meir på ein månad.
- Eleven kjem på skulen, men går heim igjen utan tydeleg årsak.

(Kerney 2008) (Haavik 2018)

Desse punkta er ikkje ei grense for når ein skal setja inn tiltak, men indikasjonar på at det er grunn til å undersøka situasjonen. Skulen skal ha system for å fanga opp fråvær, som gjev grunn til uro, på eit tidleg stadium. Om ein ikkje tek tak i alvorleg skulefråvær, vil eleven kunne utvikla eit høgare fråvær som held fram over tid, og dette kan definerast som **langvarig skulefråvær**. Det er også viktig at det blir avdekkja om eleven er vekke frå skulen utan at dei føresette veit om det, og utan at nokon veit kvar barnet er. Tett samarbeid mellom heim og skule og rask oppfølging av fråværet er då avgjerande.


Ulike kategoriar fråvær:

Skulefråvær er eit overordna omgrep. Det kan vera mange orsakar til at ein elev er vekke frå skulen. Det er viktig at ein skil mellom ulike typar fråvær, fordi dette vil krevja ulike tiltak. Kva type fråvær og tiltak som er relevant, vil koma fram i kartleggings- og analysefasen.

Dokumentert fråvær: fråvær ved sjukdom, godkjent permisjon, og helserelatert oppfølging. Fråvær relatert til «diffuse plagar» som ofte er oppgitt som gyldig fråvær t.d. sjukdom, jf. Fråværsmønster som gir grunn til uro og vegringsåtferd.

Udokumentert fråvær: fråvær som ikkje er dokumentert. Enkelttimar, heile dagar eller periodar. Kan delast i 2 underkategoriar. Foreldremotivert fråvær og elevmotivert fråvær.

Figur 1. (Havik 2018 s. 25)



Foreldremotivert fråvær: (frå Udir)

Foreldremotivert fråvær handlar om foreldre som vil verna barnet sitt mot verkelege eller opplevde truslar på skulen, foreldre som la barnet vera heime, eller foreldre som treng hjelp frå barna sine heime. Fråværstypen kan også vera dokumentert.

Kearney, 2004; Heyne mfl., 2019

Undergruppering basert på Ken Reid sitt arbeid:

- foreldre som er imot utdanning, skule og lærarar
- «la det skure»- foreldre som støttar alt barnet vil
- frustrerte foreldre som ikkje har lukkast i arbeidet med å få barnet sitt på skulen
- desperate og engstelege foreldre som treng barna sine heime for å passa på dei
- utsette og sårbare foreldre: særskilt unge, einslege eller med etnisk minoritetsbakgrunn

(Reid, 2002)

Elevmotivert fråvær:

Skulevegning: Skulevegning er elevar som vil gå på skulen, men ikkje klarar det.

Eleven har eit emosjonelt ubehag ved å gå på skulen. Eleven er gjerne interessert i skulearbeidet og ønskjer å gå på skulen, men klarer det ikkje. Eleven er heime og føresette er som regel klar over det. Eleven kan ha symptom på angst, bli opprørt med tanke på skule, kan få somatiske plagar, er nedstemte. Desse elevane er ofte introverte, stille og pliktoppfyllande. Dei har i liten grad antisosial åtferd. (Havik 2018)

Skulk: Eleven verkar gjerne uinteressert i og mislikar skule og lekser. Eleven prøver å skjula fråværet for føresette og skule. Eleven har ikkje frykt eller angst for å gå på skulen, men opplever eit emosjonelt ubehag knytt til skule. Eleven er gjerne utagerande og kan ha åtferdsvanskar. Dei finn på unnskyldningar for å skjula fråværet. Dei har ikkje problem med å få vener, men det er ofte konfliktfylte venskap. (Havik 2018)

Blanda gruppe:

Skulevegning og skulk er overlappande omgrep. Nokon visar kjenneteikn på begge delar. Ei såkalla «mixed group». Dette er ein alvorlegare situasjon enn om ein berre har ein av fråværstypane og krev ein anna oppfølging. Nokre av dei som har slitt lenge med dette kan ha behov for behandling i barne- og ungdomspsykiatrien. (Havik 2018)

Separasjonsangst: Er ein del av barns oppvekst, særleg i tidlegare år. Vanleg fram til 6 årsalder. Det handlar om overdriven redsle knytt til separasjon frå omsorgspersonar eller nokon barnet er sterkt knytt til. Det kan ha negative konsekvensar for sosial fungering. Dei klagar ofte på «vondtar» i separasjonssituasjonar. Om angsten held fram over tid og forsterkast kan det utvikla seg til SAD (separation anxiety disorder). Når dette blir eit problem, kan det føra til alvorleg fråvær.

Streifarane: Kjem på skulen, men går ofte heim. Dei vandrar ofte i gangane på skulen. Nokon gonger er det vanskeleg å vera i klasserommet og nokon gonger er det vanskeleg å få vera heima. Ein bør gjera ei analyse av årsaka til at dei vel å koma på skulen, men ikkje gå i klasserommet.

Dei motvillige: Dette er ein forløpar til skulevegning eller skulk. Dei kjem på skulen, men opplever stort emosjonelt ubehag ved å vera der. Dei kan vera vanskelege for skulen å oppdaga. Det er viktig at føresette melder frå om motstanden mot å gå på skulen dei viser heime. Det kan vera mange grunnar til at dei er motvillige til å gå på skulen t.d. einsemd, angst eller somatiske problem. (Havik 2018)

Desse kategoriane har emosjonelle komponentar, men ulik uttrykksform.

Skulefråvær kan og bli forverra av overgangar t.d. overgang til (ny) skule, overgang mellom trinn, ny kontaktlærar, etter lang ferie, etter lang tids sjukdom.

Tabell 1

Alvorleg skulefråvær utviklast ofte over eit kontinuum:

→						
Oppmøte på skulen er stressande	Gjenteken vegring/problem-åtferd om morgonen	Gjentekne episodar der eleven kjem for seint til skulen	Periodevis fråvær timar/dagar	Gjenteke fråvær Timar/dagar og delvis oppmøte	Helt fråverande frå skulen i periodar	Heilt fråverande frå skulen i lange periodar

(Kearney 2001)

Tidlege teikn på alvorleg skulefråvær

- Barnet går på skulen, men forlét skulen i løpet av dagen.
- Sporadisk fråvær frå einskildtimar og heile/halve dagar utan gyldig grunn.
- Når barnet viser stor motstand mot å gå på skulen uttrykt ved sinne, gråt, redsle, protest og frustrasjon .
- Eleven kjem ofte for seint om morgonen.
- Teikn på mistrivnad hjå eleven.
- Særleg inneslutta eller sjener.
- Er svært utrygg ved skulestart eller ved skulebyte, og ordinære tiltak for å tryggja eleven hjelper ikkje/lite.
- Snakkar aldri høgt i klassen.
- Snakkar ikkje med vaksne eller medelevar, eller berre med utvalde vaksne eller medelevar.
- Viser motstand mot å vera ute i friminutt, eller er avhengig av at ein bestemt voksen eller medelever er tilstades.
- Har ofte fysiske plager, som vondt i magen eller hovudet.
- Gir nonverbalt og verbalt uttrykk for å vera nedstemt eller redd, generelt eller knytt til spesifikke situasjoner på skulen.
- Trekkjer seg tilbake frå sosial samhandling og/eller skulerelaterte aktivitetar.
- Viser utagerande åtferd, for eksempel sinne i situasjoner der eleven vert utsett for krav i skulekvardagen.
- Viser motstand mot å delta eller forsøkjer å unngå enkelte fag, situasjoner eller aktivitetar på skulen.
- Ringjer ofte heim i skuletida eller ønskjer å gå heim i løpet av dagen.

Årsaker til langvarig skulefråvær

Ein kan sjå på kva som påverkar alvorleg fråvær frå ulike perspektiv. Dei ulike perspektiva kan vera til hjelp i arbeidet med å førebygga og handtera alvorleg og/eller langvarig fråvær. Her er 3 ulike perspektiv representert: Fråværet sin funksjon, faktorar som beskyttar eller gjer eleven sårbar og «den vonde sirkelen».

Ein måte å kategorisera fråværet er knytt til kva som er **fråværet sin funksjon**, kva oppnår eleven gjennom fråværet:

Tabell 2

Fire undergrupper	
Eleven er borte frå skulen for å unngå negative opplevingar	<p><i>1. Flukt frå ubehagelege kjensler.</i> Opplevinga av å ikkje ville gå på skulen er ofte knytt til eit generelt ubehag i skulesituasjonen. Eleven unngår stimuli som vekker negativ affekt eller emosjonelt ubehag. I nokre tilfelle kan ubehaget vera knytt til bestemte situasjonar som eleven vil prøva å unngå, f.eks. skulegarden, ein bestemt voksen, eit fag o.l. Eleven går ofte sporadisk på skulen. Overgangssituasjonar er triggjarar. Denne undergruppa er vanlegvis yngre elevar.</p>
	<p><i>2. Flukt frå skremmande situasjonar.</i> Vil unngår ubehagelege sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar. Her vil eleven vegre seg for å gå på skulen for å unngå situasjonar der ein må eksponere seg sosialt, eller bli evaluert. Dette blir ofte omtala som prestasjonsangst. Dette kan gjelde f.eks. å snakka høgt i klassen, snakka med andre medelever, ha prøver, o.l. Eleven har ofte sporadisk fråvær. Denne undergruppa gjeld vanlegvis eldre elevar.</p>
Eleven er borte frå skulen for å oppnå positive opplevingar	<p><i>3. Oppnår merksemd frå føresette eller viktige andre personar.</i> I dette tilfellet blir eleven heime frå skulen for å oppnår merksemd frå føresette. Eleven har vanlegvis ikkje eit problem med skulen. Kan ha separasjonsangst. Ofte utløyst tidleg på dagen, vil t.d. vera med på aktivitet saman med den vaksne.</p>
	<p><i>4. Oppnår godar utanfor skulen.</i> Her blir eleven heime for å oppnår noko positivt. Det kan vera ulike typar godar, som for eksempel å sova, vera med venner, gaming, shopping, rus og liknande. Denne typen er ofte meir kronisk. Heng ofte saman med familiodynamikk, konfliktar eller liknande.</p>

Oversikt basert på Kearney (2001)

Faktorar som gir vern eller auka risiko

Årsaka til alvorleg skulefråvær er samansett og mange faktorar bidreg til at problemet oppstår (Ingul, 2005 m. fl.). Faktorar ved individ og miljø påverkar kvarandre.

Tabellen under viser ei oversikt over faktorar som kan vera med å auka risiko eller beskytta i høve til utvikling av alvorleg skulefråvær.

Om faktorar som gjev auka risiko er til stade, har skulen eit særskilt ansvar for å følgja med og støtta eleven. Skulen har og eit særskild ansvar for å fremja sine faktorar som beskytta.

Tabell 3

	Risikofaktorar	Faktorar som beskyttar
Faktorar hjå eleven	<ul style="list-style-type: none"> • Sårbar for stress • Sjenert og inneslutta • Psykiske vanskår • Uro for anna enn skule • Låg sosial kompetanse • Få venner • Faglege vanskår 	<ul style="list-style-type: none"> • God sosial kompetanse • Minst ein god venn • Gode meistrings-strategiar ved utfordringar • Positivt sjølvbilete • Skulefagleg meistring
Faktorar ved familien	<ul style="list-style-type: none"> • Samspelvanskår i familien • Fysiske og psykiske lidinger hos føresette. Barn som pårørande. • Manglande grensesetting • Lite sosialt nettverk • Føresette med eigne negative erfaringar knytt til skule • Føresette er utrygge på om barnet har det bra på skulen 	<ul style="list-style-type: none"> • God psykisk helse hos føresette • Tydeleg grensesetting • Aktiv involvering i skulekvardagen til barnet • Støttande sosialt nettverk • Godt samarbeid heim og skule
Faktorar ved skule	<ul style="list-style-type: none"> • Utrygt skolemiljø • Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråvær • Høgt lærarfråvær • Liten kompetanse på psykiske vanskår • Lite tilpassa opplæring • Dårlig klasseleiing • Manglande struktur og føreseieleg undervisning 	<ul style="list-style-type: none"> • Trygt og godt skolemiljø. • Registreringssystem og oppfølging av fråvær • Tydeleg klasseleiing • Tilpassa opplæring • God relasjon mellom lærar, elev og elevane imellom • Interne støttesystem • Tidleg involvering av andre aktørar • Handlingskompetanse på intervension ved skulevegring

Øyvind Kello skildrar og risiko- og beskyttelsesfaktorar for barn ut frå eit generelt omsorgsperspektiv. Dette kan ein sjå som et supplement til tabell 3.

Skildring av skulefråværet sin funksjon (tabell 2) og risiko- og forsterkande faktorar (tabell 3) skal reflekterast i tiltaka som blir sett inn. Det vil seia at ein forsøker å finne ut kva som er funksjonen til fråværet og set inn mottiltak. Samtidig forsøker ein å forsterka dei faktorane som beskyttar eleven og svekka dei faktorane om gjev auka risiko for fråvær.

Samspelet i «Den vonde sirkelen» opprettheld fråvær

Det å vera vekke frå skulen over tid gjer at eleven blir sosialt isolert og mister kontakt med jamaldrande. Eleven blir ofte hengjande etter med skulearbeidet og får ikkje avkrefta eventuelle negative tankar om det å vera på skulen. Dette kan gjera det vanskelegare å koma tilbake på skulen. Det er viktig å bryte mønsteret.

Figur 1 viser samspelet mellom utløysande og oppretthaldande faktorar og korleis dette skapar ein vond sirkel. For kvar dag som går, aukar mengda risikofaktorar som gjer det vanskeleg å koma tilbake til skulen. (Ingul, 2016)

Modell 1 Den vonde sirkelen ved langvarig skulefråvær
(Henta frå Oslo kommune: Skolevegring- en praktisk og faglig veileder, 2009)



Langvarig skulefråvær i et heilskapleg perspektiv

Alvorleg eller langvarig fråvær må ein sjå på i eit heilskapleg perspektiv. Det kan ikkje isolerast som eit enkelståande problem for den enkelte elev, men må sjåast i samanheng med eleven sine relasjoner og omverda.

Alvorleg fråvær kan vera eit resultat av at den enkelte elev har individuelle vanskar på same tid som faktorar både i heimen, i nettverket og på skulen vil kunne vera med på å utløyse eller oppretthalde problema. Det er viktig at ein anerkjenner eleven sine individuelle vanskar, samtidig som ein er merksam på at situasjonen rundt eleven kan beskytta mot eller oppretthalda problemet. Det er eit mål å forsterka dei faktorane som kan beskytta eleven. For å kunne hjelpe eleven best mogleg, må ein setja inn tiltak på alle dei tre områda: individ, heim og skule. Det kan vera nødvendig med hjelp frå andre instansar enn skulen for å få til dette. Sjå tiltaksmodellen i BTI.

Haldningar

Ei felles forståing av problemet er eit nødvendig grunnlag for å førebygga og stoppa alvorleg, langvarig skulefråvær. Det er også av stor betydning at både skulen, familien, eleven og resten av hjelpeapparatet er medvitne om sine haldningars til problematikken. Felles haldningars er avgjerande for å lykkast.

Nokre av dei haldningane som må etablerast for å lykkast med å få eleven tilbake på skulen:

a. Eleven skal på skulen:

Dei involverte partane delar ei felles forståing av at det viktigaste er at eleven kjem på skulen. Det er nødvendig «å ta kvardagen tilbake» (sjå modell 1 Den vonde sirkel). Dette gjeld og om sterke individuelle faktorar, som angst eller depresjon, er ein del av problematikken.

b. Felles problem- felles løysing:

Alle involverte partar treng å forstå at problemet eigast av både eleven, heimen, skulen og hjelpeapparatet. Alle må ta ansvar og bidra til at eleven kjem tilbake på skulen. Om mange partar er involvert, er det viktig at ansvarsfordelinga og eigarskapet er avklart. Om ingen tek ansvar, kan situasjonen forverrast.

c. Tillit:

At samarbeidspartane har tillit til kvarandre er eit viktig signal til eleven om at alle ønskjer å hjelpe. Føresette til elevar med alvorleg og langvarig fråvær frå skulen, kan i enkelte situasjonar ha vanskar med å ha tillit til skulen når eleven viser stor motstand mot å dra dit. Det er viktig å ha ein open dialog om dette, slik at det ikkje blir til hinder for auka nærvær på skulen. For å oppretthalda tilliten, er det viktig at samarbeidspartane held og gjennomfører dei avtalene som blir gjort.

d. Eleven skal bli høyrd:

Ved alvorleg skulefråvær er det avgjerande at alle dei involverte partar bidrar til å finne løysingar. Barn har ofte gode innspel og forslag til korleis fastlåste situasjonar kan løysast. Barn har rett til å bli høyrd når deira skulesituasjon skal drøftast. Ein skal sikra at eleven si stemme blir høyrd. Jf. [Barnekonvensjonen artikkel 12](#)

Det kan vera vanskeleg for eleven å sjå konsekvensane av dei vala som blir tatt, og ansvaret for avgjerder kan ikkje overlastast til eleven.

Elevane si stemme

I arbeidet med denne planen/rettleiaren har me vore i dialog med elevar som har strevd med å vera på skulen. Dei har kome med sine tankar om og erfaringar med kva som er viktig når ein er i ein slik situasjon. Desse er oppsummert i tabellen under, og tatt med i tiltaksbanken for nivå 1.

Det er tydeleg at det er ulike opplevingar og at alle ikkje føler eller treng det same. Dette forsterkar betydninga av at kvar sak må handterast individuelt og at det er viktig å lytta til det barnet eller ungdomen har å seia.

Kva trengde du då du synst det var vanskeleg å gå på skulen?	-at de vaksne tilpassa litt kvar dag, alt etter fag og lengd på dagen -ha litt kortare dagar i periodar -at eg fekk støtte frå mange, spesielt familie, skule og vener -mor eller far følgde meg til skulen og blei med inn, etter kvart var dei og litt til stades -på skulen fekk me etter kvart ein person som berre var for oss -at eg i starten berre var inne i starten av timane og så var eg ute resten, etter kvart klarte eg meir -at eg slapp gym og symjing
--	---

Kva var det som hindra deg frå å gå på skulen?	-eg blei fort sliten. Nokre dagar var meir slitsam med tanke på fag. -det var vanskeleg med vennegjengen, eg visste ikkje heilt kvar eg høyrde til og om dei ville ha meg med. -symjing var vanskeleg fordi eg tidlegare hadde hatt ubehagelege opplevingar i vatn. Då kom eg ikkje, eller eg gjekk heim. - eg blei sliten av å grue meg til skulen, då blei de endå vanskelegare å gå. - det var vanskeleg å gå inn i klasserommet, eg blei redd inni meg. Eg veit ikkje kvifor. -at det var lite praktisk på skulen.
Har du døme på kva du synst hjalp deg i denne perioden?	- At eg fekk gjera noko eg likte i pausane", t.d. basket. - At eg fekk lov til å ha med vene. - At eg fekk sitja saman med nokon eg var trygg på inne i klassen. - At dei vaksne bestemte at eg skulle koma på skulen, og skulle ta ansvar for å senda meg heim om det blei nødvendig. - Eg snakka med kontaktlærar og sosiallærar kvar veke. Me fokuserte på det som var bra, som eg kunne gjera meir av. - Me feira når eg hadde klart ting over tid. - Tilpassing av skuledagen - At eg fekk jobba på grupperom saman med ein vaksen eller ein ven - At eg fekk gå inn 5 min før friminutt. Det var lettare når det ikkje var nokon andre inne
Kva råd vil du gje til dei vaksne på skulen?	-Sett av tid sånn at både kontaktlærar og sosiallærar kan prate med eleven. -Sett små mål, sånn at en kjenner at ein kan klara det -Dei vaksne på skulen må snakke med foreldra og eleven tidleg -Det er viktig å ha ei fast tid der ein får snakke med ein vaksen på skulen, helst kvar veke. - Det kan hjelpe med leksefri. Eg fekk litt meir krefter og overskot til skuledagen -I staden for å vera heima kan det heite "heimaskulen" om ein ikkje klarer å gå. Då må det vera faglege krav og arbeid. Så kan ein gå gradvis meir på skulen. -Finn ein vaksen som kan gje eleven mykje tryggleik -Læraren møter eleven om morgonen før det ringer inn.
Kva råd vil du gje til foreldra når barnet deira ikkje vil gå på skulen?	Prøv å pushe barnet litt, men ikkje for mykje. Lag avtale med eleven og skulen, sånn at eleven får vera med å påverka. Det er godt når ein vaksen heime bestemmer at det er sånn det skal vera.
Kva råd vil du gje til klassekameratane til ein som strevar med å gå på skulen?	Det kan vera greitt at eit par vene veit om det. Eg blei glad når nokon spurde etter meg og ville ha meg med. Nokre gongar var det vanskeleg fordi eg ikkje orka å gå ut, det var ikkje så lett for dei å skjønna. Nokon vil ikkje at dei andre skulle veta om det.
Kva kan ein som synast det er vanskeleg å gå på skulen gjera for å få hjelp?	-Seie frå til lærar eller foreldre fort -Det er ofte vanskelagt når ein ligg heime og gruer seg. Når eg først kom gjekk det ofte bra.
Har du andre råd og tips du vil gje oss?	Viktig med gode pratrar for at den som strevar skal føle seg forstått. Pushe forsiktig.

Kvalitetsarbeid som sikrar nærvær

Nærvær på skulen har ofte samanheng med eleven sin faglege meistring, trivsel og inkludering. Arbeidet med skulemiljø, fagleg tilpassing, relasjonar og inkludering er difor sentralt i det nærværsfremmande arbeidet.

Tidleg intervension er viktig for å sikra nærvær. Det er difor viktig å følgja med slik at tidlege signal blir plukka opp. I den samanheng er fråværsføring og system for oppfølging av fråvær viktig.

Skulemiljø som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring

I tråd med lovverk og forskrifter, skal alle skulane jobba systematisk med å skapa eit trygt og godt skulemiljø.

Kva

Skulen utviklar inkluderande og gode fellesskap, som fremjar helse, trivsel og læring når:

- Dei tilsette jobbar systematisk med å fremja eit trygt og godt skulemiljø.
- Det vert lagt til rette for læring for alle elevar.
- Det er fokus på den enkelte elev sin motivasjon og lærelyst.
- Elevane får delta aktivt og medverka i eiga læring.
- Skulen har gode rutinar for korleis ein skal følgje opp elevar som har faglege og/eller sosiale utfordringar.
- Det er eit tverrfagleg samarbeid som bidreg til ei heilskapleg oppfølging av elevar.
- Det er eit godt overgangsarbeid; barnehage- skule, skule- sfo osb.

Korleis

For å sikra dette arbeidet skal skulen arbeida systemretta med:

- Dagleg relasjonsarbeid.
- Autoritative vaksne og autoritativt klima ved skulen.
- Elevmedverknad.
- Tilpassa opplæring.
- System for å avdekka og følgja opp elevar i risikogrupper.
- Jamleg kartlegging og oppfølging av skulemiljøet.
- Samarbeid med andre instansar.

Udir.no

Overgangar: barnehage- barneskule- ungdomsskule- vidaregåande skule m.m.

Overgangar mellom barnehage og skule, mellom klassetrinn, byte av kontaktlærar og mellom skuleslag, er situasjonar der risikoen for å utvikla alvorleg skulefråvær er større. For å sikra god kvalitet på overgangane, har Time kommune utvikla ein eigen overgangsplan som gjev føringar for arbeidet. I tillegg bør skulen utvikla eigne rutinar for å sikra oppfølging og kvalitet i interne overgangssituasjonar.

Skule- heim samarbeid

God kvalitet på dialogen og samarbeidet mellom skulen og foreldra er viktig i det nærværsfremmende arbeidet. Samarbeid mellom skulen og foreldra er regulert av opplæringslova og forskrift til opplæringslova [kapittel 20](#). Skulen skal og ha interne føringer og rutinar for korleis ein organiserer samarbeidet mellom skule og foreldra.

Eleven sitt læringsmiljø

Alle som jobbar i skulen har ansvar for å sikra at kvar elev har eit trygt og godt skolemiljø. Alle skulane i Time kommune bruker Olweus-programmet som ein del av sitt arbeid med å fremja gode og trygge skolemiljø. Kvar skule skal og ha årshjul, rutinar og planar for korleis dei jobbar for å fremja gode skolemiljø, korleis dei jobbar for å avdekka og handtera krenking og mobbing.

Skulen har eit særskilt ansvar for å førebygga krenking, mobbing og utenforskap hos elevar som er sårbare og/eller i risikogrupper. Det skal koma fram i skulen sitt planverk korleis ein jobbar for å sikra desse elevane.

Fråværsrutinar

For å sikra eit godt systemretta arbeid knytt til oppfølging av skolemiljø, er det nødvendig med gode rutinar for oppfølging av elevane sitt fråvær og samarbeid med heimen. I dette har dei føresette og skulen eit ansvar for å følgja føringane som ligg i fråværsrutinane.

Kva

- Dei tilsette jobbar i tråd med rettleiaren for førebygging og oppfølging av fråvær i Timeskulen.
- Leiinga har ansvar for å gje vikarar og nytilsette kjennskap til rettleiaren og skulen sine fråværsrutinar.
- Rettleiaren for førebygging og oppfølging av fråvær i Timeskulen er tilgjengeleg på heimesidene
- Rettleiaren og skulen sine fråværsrutinar er tema på foreldremøta.
- Trinnet/ teamet følgjer opp temaet fråvær på sine elevar ein gong i månaden.
- Kontaktlærar har til ei kvar tid oversikt over fråværet til sine elevar
- Leiinga følgjer opp fråvær på skulen minst ein gong i halvåret, og vurderer om ein treng tiltak på systemnivå og sjekkar ut at elevar med høgt fråvær er følgt opp.

Korleis

- Føresette melder fråvær til skulen første dag.
- Føresette melder frå til skulen om eleven viser vegringsåtferd og motstand mot å gå på skulen. Dei føresette får informasjon om dette, og kva som er vegringsåtferd.
- Skulen sikrar at dei føresette har kjennskap til og får informasjon om at dei må melde frå om fråvær frå første dag.
- Alle lærarar fører alt fråvær på elevane kvar dag.

Kontaktlærar sitt ansvar i vidare oppfølging av fråvær:

Dokumentert fråvær	Udokumentert fråvær
Skal førast i Visma.	Skal førast i Visma.
Kontaktlærar tek kontakt med heimen ved fråvær utover tre dagar.	Kontaktlærar tek kontakt med føresette første dag . Formålet med samtaLEN er å informere om fråværet og undersøke årsaka til fråværet.
Kontaktlærar tek kontakt om ein ser at eleven har eit fråværsmønster som gir grunn til uro: <ul style="list-style-type: none">• Har meir enn 25% fråvær i løpet av 2 veker• Har problem med å delta i timane i minst 2 veker• Høgt gyldig fråvær: Har meir enn 10 dagar fråvær i periodar på 15 veker i skuleåret, eller i halvåret.• Udokumentert fråvær frå enkelttimar/fag, gjerne med eit mønster.• Eleven kjem for seint 3 gonger eller meir på ein månad.• Eleven kjem på skulen, men går heim igjen utan tydeleg årsak.	

Høgt dokumentert gyldig fråvær- kva gjer me?

Nokre elevar har alvorleg skulefråvær som er knytt til somatisk- eller psykisk sjukdom, behandling eller utgreiing. Som generell regel bør og desse elevane delta i opplæringa så mykje som mogleg, då opplæringa er ei viktig kjelde til sosial- og fagleg utvikling. Sjukdom er også ein risikofaktor som kan vera med på å utløysa alvorleg fråvær som skal følgjast opp.

Vurdering av kor mykje ein elev i denne situasjonen klarer å ta del i opplæringa, kan vera vanskeleg både for skulen og føresette. Det er difor tilrådeleg at ein samarbeider med PPT og dei aktuelle partane i helsetenesta, for å få ei tilråding knytt til eleven sin kapasitet og utbytte av opplæringstilbodet. Om fråværet blir alvorleg og langvarig, kan det vera behov for eit fritak frå plikta til opplæring, jf. Opplæringslova § 2.1. Det er eigne rutinar og retningslinjer for dette.

Tett på - eit tilbod for elevar på ungdomsskulen

Tett på er eit system på 8.-10.trinn for avdekking og oppfølging av elevar som er i gråsona og som ein er uroa for med tanke på fullføring av skulegang. Tilbodet om oppfølging gjennom *Tett på* gjeld for elevar som kjem inn under eit eller fleire av følgjande kriterier:

- høgt fråvære
- grunnskulepoeng under 30
- lågt karakternivå i faga kroppsøving og matematikk
- psykososiale problem,/oppfølging av helsejukepleiar.

Elevar som har vedtak om etter § 5.1 i Opplæringslova deltek ikkje i dette tilbodet.Om ein oppfattar desse eller de ser andre signal som gir grunn til uro, følgjer ungdomsskulane framgangsmåten som er skildra i planen for *Tett på*.

Ved alvorleg skulefråvær- kva gjer me?

Viktige omgrep

“Laget rundt læraren og eleven” (LLE):

Kvar skule har teamet “Laget rundt læraren og eleven” (LLE). Dette er eit tverrfagleg samansett team med ulike profesjonar og består av PPT-rådgjevar, spesialpedagogisk koordinator, helsejukepleiar, sosialrådgjevar, lærar og leiinga ved skulen. Rektor ved skulen leiar «Laget». Gjennom tverrfagleg samarbeid skal ulik kompetanse gje ein større ekspertise enn den enkelte profesjon kvar for seg. Fleirfagleg samskaping skal føra til nye eller forbetra tiltak, og gjera at fleire elevar opplever meistring og tilhøyre.

BTI er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot barn- og unge det er knytt ei bekymring til. Modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og involvering av føresette.

Tverrfagleg Tiltaksteam (TTT)

Teamet er for barn og unge 0-18 år og familiene deira. I tverrfagleg tiltaksteam møter familien og representantar frå fleire av kommunen sine tenester for barn og unge. Føremålet er å få ei felles forståing av situasjonen og saman vurdera kva som vil vera rett hjelp. Deltakar i møta er føresette, barnehage eller skule, faste medlemmar frå helsestasjonen, PPT og barnevern.

Konsultasjonsteamet

Konsultasjonsteamet er ei fagleg ressursgruppe i spørsmål om vald og seksuelle overgrep mot barn. Ulike fagområde kan ta kontakt og drøfte saker anonymt om ein er uroa for eit barn eller ein ungdom.

Alvorleg fråvær- Om ein elev:

- Har meir enn 25% fråvær i løpet av 2 veker
- Har problem med å delta i timane i minst 2 veker
- Har meir enn 10 dagar fråvær i periodar på 15 veker i skuleåret, eller i halvåret.
- U dokumentert fråvær frå enkelttimar/fag, gjerne med eit mønster.
- Eleven kjem for seint 3 gonger eller meir på ein månad.
- Eleven kjem på skulen, men går heim utan klar årsak.

Om ein oppfattar desse eller de andre signal som gir grunn til uro, skal ein følgja framgangsmåten som er skildra under.

Barns beste og barnets stemme:

I arbeidet med oppfølging av fråvær skal det vera eit grunnleggande prinsipp i heile prosessen at stemma til barnet/ungdomen skal høyrast. Ein skal legga vekt på det barnet/ungdommen seier, jf. Barnekonvensjonen. I alle vurderingar skal barnets beste vera det førande prinsipp.

Tenesteområda skal i heile prosessen legga vekt på god og tett kommunikasjon med dei føresette.

Handlingsrekke i tråd med BTI

Før ein går i gang med stega er det viktig at skulen har vore i kontakt med heimen om det fråværet som har vore, jf. rutinar for oppfølging av fråvær.

Ta alltid vare på dokumentasjon av arbeidet i saka.

BTI- nivå 0

Steg 1:

Definer uroa di for eleven sitt fråvær.

Sjekk ut og drøft uroa di med kollegaer som også kjenner eleven.

Internt drøftingsskjema. Sjå vedlegg skjema 0.

Steg 2: Del uroa di med nærmaste leiari.

Internt drøftingsskjema. Sjå vedlegg skjema 0.

Om det ikkje er grunn til uro, blir saka avslutta her.

Steg 3:

a) Kontaktlærar inviterer til samtale med eleven der tema er fråvær.

Sjå **Skjema 1 Kartleggingsamtale med elev**

Målet med samtalen er å få kjennskap til eleven sine tankar om fråværet.

Eleven blir informert om at dei føresette vil bli inviterte til samtale der tema er fråværet.

b) Inviter til og gjennomfør foreldresamtale for å avklara årsaker til fråvær, og drøfta om det er grunn til vidare oppfølging. Sjå **Skjema 2 Kartleggingsamtale med føresett**

Steg 4: Dersom ja/ grunn til uro- ein går vidare til BTI på nivå 1.

Steg 5: Dersom nei/ ingen grunn til uro, vert saka avslutta.

BTI- nivå 1

Arbeid innan ein teneste/ avdeling

Steg 1: Skap ei felles forståing (mål)

a) Arbeid på skulen

Kontaktlærar saman med Operativ sosialfagleg ressursperson (OSR) og trinn-teamet kartlegg dei oppretthaldande faktorane:

- situasjonar eleven er mykje vekke frå.
- faglege utfordringar
- læringsmiljø og elevens situasjon
- Elevens individuelle føresetnadar (sjølvregulering, språk, kognisjon, sosial fungering)
- Relasjonar elev-elev og elev-lærer

Sjå Skjema 3 Kartlegging av oppretthaldande faktorar for alvorleg skulefråvær

I nokre saker kan det vera behov for å drøfta helserelaterte orsakar gjennom samtale med helsejukepleiar. Det må gis samtykke frå føresette om helsejukepleiar skal gje opplysningar. Sjå eige skjema for samtykke.

b) Møte med elev og føresette:

Kontaktlærar saman med OSR inviterer til eit samarbeidsmøte med elev og føresette, der skulen si kartlegging blir delt. Ein ser dette i samanheng med informasjonen gitt av føresette og elev på nivå 0 Steg 3. Elev og føresette bidreg eventuelt med meir informasjon.

I møtet bruker ein så pedagogisk analysemodell (skjema 4) for å identifisera oppretthaldande faktorar, som til dømes:

- eleven sitt skolemiljø
- sosialt læringsmiljø mellom elevane
- fagleg læringsmiljø
- relasjonar mellom eleven og dei vaksne på trinnet
- Individuelle føresetnadar
- forhold i fritida.
- forhold i heimen

Ein skal gjennom kartlegginga koma fram til kva som er fråværets funksjon og risiko- og beskyttelsesfaktorar knytt til skule, elev og heim. Dette reflekterast i tiltaka.

(sjå tabell 2 og 3 under Teoridel)

Drøft behov for å kopla på skulen sine lokale ressursar t.d. helsejukepleiar, sosialrådgjevar eller behov for tilvising til PPT, kontakt med fastlege.

På bakgrunn av analysen og dialogen utarbeidar en tiltak for skule og heim. Målet med tiltaka er auka nærvær. Tiltaka blir ført inn i skjema 4 og i ein samarbeidsavtale med eleven skjema 5. Det er sentralt at eleven får koma med forslag til tiltak og blir høyrd.

Ansvarsavklaring – Kven gjer kva.
Avtala evalueringsmøte innan 3 veker.

Steg 2: Sett i verk tiltak som avtalt i steg 1

Steg 3:

Evalueringsmøte:
Effekt av tiltak, eleven sitt nærvær på skulen osb. Bruk skjema 6.

Steg 4:

Evalueringa kan ha følgjande utfall:

- tiltaka har hatt effekt, eleven er på skulen. Saka avsluttast.
- tiltaka har hatt effekt, men de er framleis ikkje i mål og arbeidet held fram. Eller tiltak må justerast.
- tiltaka har ikkje hatt effekt. Føresette vert informert om at saka vil bli drøfta med utvalde personar frå skulen sitt Lag rundt lærar og elev (LLE). Målet er eit breiare fagleg perspektiv. Ein går vidare til steg 5.

Samtykke:

Ein ber om samtykke til å drøfte saka på skulen med utvalde personar i LLE, og med aktuelle samarbeidspartar i TTT og i samarbeidsmøta framover. (Skjema for samtykke i BTI)

Steg 5:

Møte på skulen:

Leiinga kallar inn til møte med kontaktlærar og aktuelle deltagarane frå LLE.

Presentasjon av sak, tiltak som er prøvd ut og evaluering.

Vurdera andre tiltak i lys av oppretthalde faktorar.

Laga ei ansvarsavklaring og plan for oppfølging for dei ulike deltagarane.

Steg 6:

Møte med elev, føresette og utvalde representantar frå skulen og LLE.

Ein utarbeidar nye tiltak som skal prøvast ut. Ein utformar ny samarbeidsavtale med eleven og føresette der ein fører inn dei nye tiltaka.

Ansvarsavklaring – Kven gjer kva.

Avtala evalueringsmøte innan 3 veker.

Steg 7

Evalueringsmøte - Bruk skjema 6

Evalueringa kan ha følgjande utfall:

- tiltaka har hatt effekt, eleven er på skulen. Saka avsluttast. Ein må vurdera om det er behov for å oppretthalde tiltak for å stabilisera situasjonen.

- tiltaka har hatt effekt, men de er framleis ikkje i mål og arbeidet held fram. Eller tiltak må justerast.
- tiltaka har ikkje hatt effekt.
Ein minner føresette om samtykke på steg 4, og ber om å få bruka samtykket til å mælda saka vidare til Tverrfagleg Tiltaksteam. Om eleven er over 15 år, bør ein også be om samtykke frå eleven. Eleven si stemme skal vektleggast i samsvar med alder og modning, jf. barnekonvensjonen.

Om føresette ikkje samtykker til å mælda saka vidare, må skulen gjera ei vurdering om ein skal senda bekymringsmelding til barnevernet etter § 15-3 i opplæringslova eller gjera ei politimelding for brot på § 2-1 ledd 5 i opplæringslova.

BTI- nivå 2

Saka blir følgt opp i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette og barn/ungdom for å løyse utfordringa.

Det er sannsynleg at fråværets funksjon er knytt til forhold utanfor skulen.

Steg 1:

Skulen melder saka til Tverrfagleg Tiltaksteam (TTT). Koordinator i TTT kallar inn til møte.

Steg 2:

Skulen presenterer saka i Tverrfagleg Tiltaksteam i samarbeid med føresette og elev.

I møtet ber ein om samtykke til stafettlogg.

Teamet avgjer kven som er stafethaldar.

Tiltaksteamet avgjerd kven som skal vera med i oppfølging av saka og i samarbeidsmøtet.

Steg 3:

Samarbeidsmøte- oppstart og planlegg tiltak.

Stafethaldar kallar inn til samarbeidsmøte.

Tenestene som er valt av TTT deltar på møtet.

Føresette deltar på møtet. Det og ønskjeleg at eleven er med. Om eleven ikkje er med i møtet, må ein sikra at eleven sin stemme likevel blir høyrd via andre.

Saka blir presentert i samarbeidsmøtet.

Gruppa planlegg tiltak ut frå vurdering og analyse av saka.

Skriv tiltak som skal gjennomførast inn i Stafettloggen.

Skriv kven som har ansvar for kva tiltak. Sjå BTI nivå 2.

Avtal evalueringsmøte innan 3-4 veker.

Mellom steg 2 og 4:

Skulen sin representant i TTT sørger for at kontaktlærar og leiinga ved skulen er informert om saka si utvikling, og om eventuelle tiltak som gjeld skulen. Kontaktlærar har jamleg kontakt med heimen og eleven, og sikrar at dei har tilgang på vekeplanar og arbeid som skal gjerast.

Steg 4:

Set i verk tiltak på ulike arenaer. Bruk Stafettloggen til dokumentasjon.

Steg 5 og 6:

Evalueringsmøte –Drøftingsdel

Alle involverte partar drøfter og vurderer i kva grad tiltaka har hatt effekt.

Barnet/ ungdommen si meining skal koma fram og leggjast vekt på ut frå alder og modning.

Evalueringsmøte- vegen vidare

Evalueringa kan ha følgjande utfall:

- tiltaka har hatt effekt, eleven er på skulen. Vurder om saka kan avsluttast.
- tiltaka har hatt effekt, men de er framleis ikkje i mål og arbeidet held fram. Eller ein ser at tiltaka må justerast/ endrast og ein kan halda fram med arbeidet innan dei involverte tenestene.
- tiltaka har ikkje hatt effekt. Ein vurderer kva andre fagområde som kan vera aktuelle og kven som kontaktar dei.

Ansvarsområde og relevant lovverk

Fråværsføring på vitnemål

Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevja at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet.

Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevja at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet:

- a. dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b. innvilga permisjon etter [opplæringslova § 2-11](#).

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skuldast helsegrunnar må vere meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen

som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemmning eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

Henta frå: <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-38>

Litteratur og kjelder

Forslag til litteratur

"Den autoritative voksenrollen i barnehage og skole.

Relasjonskvalitet, utfordrende atferd, mobbing og sosial emosjonell læring."

Pål Roland Cappelen Damm Akademisk 2021

"Skolefravær. Å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring"

Trude Havik

Gyldendal Norsk Forlag AS 2018, 3.opplag 2021

"Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner"

Øyvind Kvello

Gyldendal Forlag, 2. opplag 2015.

Relevante nettsider

Barns Beste i saksbehandling:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/regelverk/rundskriv/veiledning-til-bruk-av-barnekonvensjonen.pdf>

Udir Rettleiar

5. [Dette bør skolen og kommunen gjøre ved udokumentert fravær \(udir.no\)](#)

Når skolen ikke passer – Forandringsfabrikken Råd frå barn og ungdom

[Når-skolen-ikke-passar-uten-forside-streve_over_tid_ny_levert.pdf](#)
(forandringsfabrikken.no)

[Melding til barnevernet ved høyt skolefravær | Statsforvalteren.no \(statsforvalteren.no\)](#)

[Når skolefravær blir et problem \(utdanningsnytt.no\)](#)

[Tiltak for elever med skolefravær | www.statped.no](#)

Referanseliste

Tiltaksbankar

(dette blir eit vedlegg)

Oversikt over tiltak og arbeid på ulike områder

Kartlegging	<ul style="list-style-type: none"> - God elevsamtaile - Byggja relasjon mellom skule- elev- og skule- føresette - Samtale med føresette - Kartlegge eleven sin situasjon på skulen - Systematisk relasjonskartlegging i gruppa - Kartlegge relasjonar mellom barn og vaksne
Tiltak på skulen	<ul style="list-style-type: none"> - Felles forståing av fråværet - Er det haldningar som kan vera til hinder for samarbeidet? - Etablering og vidareføring av positiv relasjon mellom elev og vaksne på skulen - Informera klassen om eleven sitt fråvær om elev og føresette samtykker - Ta kontakt med eleven, etterspør
Tiltak i skule- heim-samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> - Felles forståing av fråværet og fråværet sin funksjon - Open dialog med føresette; kven skal dei ta kontakt med og når? - Informer føresette om kva langvarig skulefråvær er, og skulen sine rutinar og tiltak for dette. - Tryggja føresette på at skulen vil gjera sitt beste for at eleven skal trivast, gje god informasjon om eleven si fungering på skulen - Anerkjenn dei føresette - Formidla til dei føresette at arbeidet med å auka nærværet er eit samarbeid
Fagleg tilrettelegging	<ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid med eleven om tilrettelegging - Skapa system som gjer skuledagen føreseieleg - Førebu eleven på endringar - Fokuser på fag ein meistrar. Variera metodane. - Plassering i klasserommet.
Oppmøte og auka nærvær	<ul style="list-style-type: none"> - Kan nokon møte eleven heime? - Føresette følger eleven på skulen ein periode. - Møt eleven på avtala plass før ein går ein går inn i klasserommet. - Laga til alternativ til å reise heim frå skulen; ta pausar. Gjera avtalar om kva eleven skal gjera om ein går heim.
Hindra sosial isolasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Oppretthalda positiv kontakt med medelevar; brev frå klassen, besøk frå andre elevar eller kontaktlærar, senda gilde meldingar - Ha rutinar i friminutt, aktivitetar - Følge til og frå skulen

Ide- og tiltaksbank ved fråvær skule- nivå 1

Ide- og tilataksbanken er ikkje meint som ei oppskrift, men som ei støtte og tips til kva som kan vera gode praktiske grep. Ein må velje tiltak ut frå den individuelle sak og i dialog med elev og føresette.

Område	Tiltak
Relasjonsbygging med dei vaksne på skulen	<p>Kontaktlærar tett på, og OSR tett på: samtale, opplegg utanfor klasserommet, besøk heime. Kontaktlærar tett på - samtale 5 min hver dag.</p> <p>Møte med ein vaksne utanfor skulen som arena t.d. etter skuletid. Gå tur, kjøre tur, dialog på anna måte. Mange klarer å fortelle på andre måtar når omgjevnade er endra. Få kjennskap til grunnårsak.</p> <p>Tett samarbeid med sosialrådgjevar/ lærer - møter kvar morgen, eller anna avtalt tid der ein snakkar saman. God samtale minst kvar veke. Lytte ut eleven på kva som er viktig på vegen videre.</p> <p>Dei vaksne viser interesse – samtale med elevane i ulike situasjonar på skulen, dei vaksne bevege seg rund. Dette gjeld og i friminutta.</p>
Sosial inkludering: relasjonsbygging med andre elevar og styrka eleven sin posisjon	<p>Sluse eleven inn i ei mindre gruppe, tilrettelagt opplegg og eleven deltar i gruppa, inkl faglig tilrettelegging.</p> <p>Samtalegrupper, t.d. jenteigr og guttegr. Skape gode felles opplevelingar. Trygging i mindre grupper. Friminutt inne saman med medelever og ein voksen. Variere kven som er med. Sosial tilrettlegging. Den vaksne styrer situasjonen.</p> <p>Samarbeidlæring: lærerstyrt: bygge opp om det eleven er god til (brukes og i 9A saker)</p> <p>Lærerstyrt aktiviteter gir tryggleik.</p> <p>Kartlegge sosiale relasjoner- sosiometri. Gjøre dette jevnlig for å følge med. Tiltak etter kartlegging.</p>
Fagleg tilrettelegging	<p>Eleven får seie noko om kva han/ho synast er vanskeleg. Forsøker å lette trykke gjennom tidsavgrensing, tettare pauser.</p>

	<p>Kutte lekser- i bytte med tilstedeværelse.</p> <p>Ikkje bytte lærevaner for ofte.</p> <p>Vurderingssituasjoner- gjennomføres på annen arena, litt ekstra støtte t.d. begrepsavklaring, bekreftelse.</p> <p>Kartlegge kvar eleven er fagleg, og tilpasse nivå. OBS: matte er ofte vanskelig. Kartlegge med Språk 6-16.</p>
Handtering av vanskelege situasjoner (friminutt, skulestart, matpause, overgangar...)	<p>Avtale om å være inne i friminutt, perioder.</p> <p>Tilrettelegging med egne garderober og lignende i gym/svømming.</p> <p>Lærer i garderoben, virker bra for mange. Møte bestemt person til bestemt tid.</p> <p>Kortare dagar, med lystbetonte fag og fokus på det sosiale. Noen vil bli sett: si hei Noen vil være usynlig, da blir det motsatt.</p>
Samarbeid skule-heim:	<p>Tette møter, hver andre uke. Eleven er med, feiret seier. Konkrete avtaler om hva som skal skje til neste gang.</p> <p>Møte med foresatte tidlig- samkjøre kommunikasjon. Hjemmeskole. De voksne på skolen tilrettelegger og vurderer om eleven treng å gå heim.</p> <p>Tett kommunikasjon, heimen gir beskjed om korleis dagen er. Føresette køyrer til skulen. Føresette følgjer inn</p>
Tiltak heime (trygging, unngå forsterking, ...)	<p>Føresette skrur av internett. Samle inn tlf. Ta vekk spillkonsoller.</p> <p>Døgnrytme. Morgenrutiner.</p>
Trygge elevar som er engstelege	<p>Ikkje bytte lærevaner for ofte.</p> <p>Sitte sammen med noen en er trygg på og ikke bytte for ofte. Avtaler med eleven om kva grep ein skal gjera for å skape tryggleik.</p>

Oppmøte og skulestart	Møte før første skoledag, vise rom, her skal du sitte, hvem sitter sammen med. Kunne komme litt etter de andre, slippe eksponering. Ein står og venter i skolegården eller annet avtalt sted og tar i mot. Målet er å komme på skolen. Skape trygghet og tilhørighet. Mål for tilstedeværelse, gradvis auke og gradvis meir faglig input.
Anna:	Ved "ullen" uro kan ein drøfta anonymt i konsultasjonsteamet.
	Bruk av kartlegging- pedagogisk analyse. Sette inn tiltak ut fra dette.
	Elevensstemme må komme fram. Voksen styrer overganger. Forbered friminutt- avtale før friminutt. De voksne tar initiativ og inviterer med på aktiviteter i friminutt og lignende.
Systemtiltak	Friminutt er viktig. Følg opp – viktig for forebygging.
Litteratur og metode	"Problemløsning gjennom samarbeid" - avtalar med eleven "Utanfor" bøkene

Frå forsking.no - Trude Havik

Tiltak for de som vegrer seg for skolen

- Psykoedukasjon: Opplæring til eleven, foreldre og skole. Dette handler om å lære hva som skjer i kroppen når en frykt- eller angstreaksjon utløses, og hvordan man kan jobbe med det.
- Avspenningstrening – oppmerksomt nærvær: Lære å stresse ned i hverdagen. Det å være mer avspent i utgangspunktet kan føre til høyere terskel for å bli engstelig i krevende situasjoner som oppstår.
- Angsthierarki: Sortere og rangere følelser som oppstår i en skala fra 0–10, der de først blir eksponert i situasjoner som er midt på skalaen.
- Eksponering: En teknikk der man gradvis utsetter seg for et fryktet stimuli for å redusere frykten. Det handler om gjentatt eksponering og å stå i situasjonen helt til frykten halveres. Dette krever tid og gjentatte repetisjoner.

Pilot for skulane i Time kommune hausten 2022

- Være tanke detektiver: Hjelp til å gjenkjenne tanker og tankefeller, og endre tanker som igjen endrer følelser, kroppslige reaksjoner og atferd.
- Ferdighetstrening: Øve på det eleven tror han ikke klarer etter klar fremgangsmåte med å lage et script, rollespill og trening i reelle situasjoner med støtte.